Innst. 96 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget frå næringskomiteen

Dokument 8:127 S (2015–2016)

Innstilling frå næringskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Torgeir Knag Fylkesnes og Snorre Serigstad Valen om langsiktighet og trygghet for turistfisket

Til Stortinget

Bakgrunn

Sjømatnasjonen Norge har en omfattende turistfiskenæring. Selv om næringen er stor og har fremtiden for seg, mangler den et skikkelig rammeverk som både sikrer fornuftig beskatning av ressursene og som sikrer at aktører som satser og investerer, kan ha trygghet for langsiktig drift og inntekt. Forslagets formål er å sikre gode rammer for det fisket som skjer i regi av utlendinger som kommer hit som turister.

Følgende forslag fremmes i dokumentet:

«1. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med nødvendige forslag for å innhente kunnskap om turistfisket slik at fornuftig beskatning kan sikres, blant annet gjennom obligatorisk registrering av aktørene, inkludert jevnlig innhenting av statistikk.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om innføring av fiskekort for utenlandske turister, der inntektene skal brukes til kontroll med fisket.
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en obligatorisk registreringsordning for turistfiskebedrifter.
4. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om innføring av en registreringsplikt for alle motoriserte fartøy som turistfiskebedrifter bruker.
5. Stortinget ber regjeringen utrede en ordning der utenlandske turister kun får ta med fisk ut av landet dersom den er fisket i samarbeid med en registrert turistfiskebedrift, slik at man begrenser eksport som ikke gir verdiskapning i lokalsamfunnene og får sterkere kontroll med hvor mye fisk som tas opp.
6. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige lovendringer for å gi kommunene rett til å forvalte profesjonelt turistfiske, for å sikre god forvaltning basert på lokal kunnskap.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Else-May Botten, Ingrid Heggø, Odd Omland og Knut Storberget, frå Høgre, Frank Bakke-Jensen, Ingunn Foss, Gunnar Gundersen og Ove Trellevik, frå Framstegspartiet, Sivert Bjørnstad, Oskar J. Grimstad og Morten Ørsal Johansen, frå Kristeleg Folkeparti, Line Henriette Hjemdal, frå Senterpartiet, leiaren Geir Pollestad, frå Venstre, Pål Farstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, viser til representantforslag frå stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes og Snorre Serigstad Valen om langsiktigheit og tryggleik for turistfiske.

Komiteen vil påpeike at turistfiske langs kysten har auka betydeleg dei siste åra. Stadig fleire reiselivsbedrifter rettar seg inn mot fisketuristar. Komiteen er positiv til turistfiske og vil legge til rette for dette innanfor ei bærekraftig forvaltning. Komiteen viser til at forslagsstillarane påpeiker at formålet med framlegget er å sikre gode rammer for fisket som skjer i regi av utlendingar som kjem hit som turistar, og at det heilt korrekt vert påpeika at det

i dag ikkje er kontroll over kor mykje fisk som vert fiska innanfor turistfiskekvota.

Komiteen viser til svarbrevet frå departementet av 12. oktober 2016 (lagt ved innstillinga) som peikar på dei same utfordringane, og at det den 28. september 2016 vart sendt på høyring nye reglar for turistfiske. Høyringa baserer seg på ein rapport levert 27. juni 2011 vedkommande forvaltningstiltak overfor næringsverksemd basert på turistfiske i sjø. Komiteen har merka seg at ifølgje departementet sitt syn så vil høyringsframlegga langt på veg ivareta forslagsstillarane sine framlegg, unnateke punkt 2 om innføring av fiskekort for utanlandske turistar og punkt 6 om eventuelle lovendringar for å overføre forvaltninga til kommunane. Desse forslaga er ikkje med i høyringsutkastet.

Komiteen viser til at punkt 5 heller ikkje er med i høyringsutkastet. Dette punktet går ut på å greie ut ei ordning med at fisk berre kan takast ut av landet dersom den er fiska i samarbeid med ei registrert turistfiskebedrift.

Komiteen vil poengtere at det er viktig å få ei oversikt over kor mykje fisk som faktisk går til turistfiske. Departementet skriv i sitt svarbrev at det mest sentrale i høyringsframlegget er at det vert foreslege å innføre ei registreringsordning for turistfiskebedrifter og pliktig rapportering av fangst. Komiteen støttar dette synet. Komiteen vil påpeike at det er opplevinga av å fiske som er hovudessensen i turistfiske, og ikkje matauk. Utanlandske turistar har ikkje adgang til å selje fangsten sin, og 15 kg fisk utgjer eit årsforbruk om ein tek utgangspunkt i kosthaldsråda om fisk.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre og Framstegspartiet, støttar intensjonen i forslaget om å begrense eksport som ikkje gir verdiskaping i lokalsamfunna, og kravet om sterkare kontroll, slik at det etter medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti sitt syn berre er fisk frå registrerte turistbedrifter som vert lovleg.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Venstre finn det likevel vanskeleg å skulle håndheve eit slikt krav.

Komiteen støttar intensjonen i høyringsframlegget frå departementet om turistfiske, om at det bør vere eit mindre tal på kilo til utførsel når fisken ikkje er fanga ved eit registrert turistanlegg.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at regjeringen har forslag til endringer i regelverket for turistfiske på høring, og at kunnskapen fra høringsrunden ikke foreligger ennå. Flertallet peker på at regjeringen også har en stortingsmelding om reiseliv under utarbeidelse, og ser det som hensiktsmessig at spørsmålene om turistfisket ses i den sammenheng.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti støttar imidlertid ikkje høyringsframlegget frå departementet om å auke lovleg utførsel frå 15 til 30 kilo viss turistane har fiska i regi av ei registrert turistfiskeverksemd.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet går inn for at ein beheld dagens grense ved fangst frå registrerte turistfiskeverksemder og foreslår vidare at det vert sett ei lågare grense enn 15 kg dersom fisken ikkje er fanga ved eit registrert turistfiskeanlegg.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil påpeike at troféfiske skal inkluderast i utførselsgrensa, og fremmer følgjande forslag:

«Troféfiske skal inkluderast i grensa for kor mykje fisk som kan takast ut av landet.»

Desse medlemene ber òg om ei utgreiing av om utførselskravet når det gjeld talet på kilo skal gjelde per år, og ikkje per utførsel som i dag, og fremmer følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa greie ut om utførselskravet når det gjeld talet på kilo skal gjelde per år.»

Komiteen vil vise til fleirtalsmerknaden i Meld. St. 10 (2015–2016) En konkurransekraftig sjømatindustri:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en strategi for bruk av alt restråstoff/biprodukt og insentivordning for ilandføring av hele fisken, herunder utrede og finne rimelig tidspunkt for når innføring av 'hele fisken på land' kan skje i Norge.»

I samband med dette arbeidet bør det utarbeidast enkle, greie omrekningsreglar slik at talet på kilo vert rekna i rund fisk. Kilotalet kan då auke utover den satte grensa. Dette for å hindre det vi ser i dag, at mykje av fisken blir kasta og at berre fileten/loinsen vert nytta.

Komiteen fremjer føljande forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide omrekningsreglar slik at antal kg vert rekna i rund fisk.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide omrekningsreglar slik at talet på kilo vert rekna i rund fisk. Stortinget ber regjeringa komme attende til Stortinget i forbindelse med reiselivsmeldinga.»

Når det gjeld dei nærare reglar om gjennomføring av registrerings- og rapporteringsordningane, er fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemen frå Sosialistisk Venstreparti, samd med departementet i at det ikkje bør konkluderast før etter at høyringa er ferdig.

Fleirtalet viser til svarbrev frå departementet knytt til / om innføring av fiskekort for utanlandske turistar (punkt 2) og støttar ikkje kravet om å innføre fiskekort i sjø.

Fleirtalet viser til departementet sitt svar knytt til framlegget om å overføre retten til å forvalte turistfiske til kommunane (punkt 6). Det går fram av svarbrevet at forvaltning og kontroll med dei marine ressursane i dag ligg hjå Fiskeridirektoratet, at dei har god lokalkunnskap og god kompetanse, og at Fiskeridirektoratet vil vere best egna til å løyse kontroll- og forvaltningsoppgåvene i turistfiskenæringa. Fleirtalet støttar dette synet.

Medlemen i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti meiner det er positivt at regjeringa etter at representantforslaga vart lagt frem, no har fremma fleire forslag på høyring som liknar på forslaga i representantforslaget, for eksempel forslaget om å innføre ei registreringsordning for turistfiskebedrifter og pliktig rapportering av fangst.

Denne medlemen meiner det trengst strengare regulering av fisken som blir frakta ut av landet som følgje av turistfiske. Denne verksemda må bli regulert for å sikre at ressursane blir skatta av på fornuftig vis, og at denne turismen gir verdiskaping i Noreg. Denne medlemen meiner at forslaget frå departementet om å auke lovleg eksport av fisk frå landet dersom turistane har fiska i regi av ei registrert turistverksemd, ikkje går langt nok i å regulere det som er ein ukontrollert eksport i dag. Ingen veit i dag kor mykje fisk som blir tatt ut landet, heller ikkje kor mange kilo dette representerer i fanga rund fisk. På spørsmål kan heller ikkje regjeringa oppdrive informasjon om andre fangstområde eller andre land kor det finst liknande moglegheiter til å ta fisk ut av landet. Dette er ei spesialordning Noreg har, for fisk i saltvatn. Denne medlemen meiner difor ein bør avvikle ordninga kor utanlandske turister kan ta med seg fisk ut av landet dersom dei ikkje fiskar gjennom ei godkjent verksemd. Ei slik ordning vil gi fleire positive gevinstar. For det første vil det skaffe kontroll med ressursuttaket, som er grunnleggande for norsk fiskeri og samarbeid med Russland. For det andre vil det auke tryggleiken for utanlandske turistar. For det tredje vil det styrke norsk verdiskaping og bidra til sysselsetting.

Denne medlemen stør forslaget om at troféfisk skal inkluderast i utrekninga av kor mykje fisk som kan bli tatt ut av landet, men med ein føresetnad om at dette skjer gjennom registrerte norske verksemder.

På den bakgrunn blir følgjande forslag fremja av denne medlemen:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om innføring av fiskekort for utenlandske turister, der inntektene skal brukes til kontroll med fisket.»

«Stortinget ber regjeringen utrede en ordning der utenlandske turister kun får ta med fisk ut av landet dersom den er fisket i samarbeid med en registrert turistfiskebedrift, slik at man begrenser eksport som ikke gir verdiskapning i lokalsamfunnene og får sterkere kontroll med hvor mye fisk som tas opp.»

Denne medlemen viser til at kommunane har ein nærleik til turistfisket som gir innsikt i korleis dette blir utøvd lokalt. Kombinert med kommunane sin kjennskap til lokalt næringsliv og lokale sikkerheitsutfordringar, gjer dette at kommunane har høve til å sjå turistfisket i ein større samanheng. Denne medlemen meiner difor at forvaltningsansvaret for turistfisket bør flyttast til kommunane.

På den bakgrunn blir følgjande forslag fremja av denne medlemen:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige lovendringer for å gi kommunene rett til å forvalte profesjonelt turistfiske, for å sikre god forvaltning basert på lokal kunnskap.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Troféfiske skal inkluderast i grensa for kor mykje fisk som kan takast ut av landet.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa greie ut om utførselskravet når det gjeld talet på kilo skal gjelde per år.

Forslag frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet:

Forslag 3

Stortinget ber regjeringa utarbeide omrekningsreglar slik at talet på kilo vert rekna i rund fisk. Stortinget ber regjeringa komme attende til Stortinget i forbindelse med reiselivsmeldinga.

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 4

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om innføring av fiskekort for utenlandske turister, der inntektene skal brukes til kontroll med fisket.

Forslag 5

Stortinget ber regjeringen utrede en ordning der utenlandske turister kun får ta med fisk ut av landet dersom den er fisket i samarbeid med en registrert turistfiskebedrift, slik at man begrenser eksport som ikke gir verdiskapning i lokalsamfunnene og får sterkere kontroll med hvor mye fisk som tas opp.

Forslag 6

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige lovendringer for å gi kommunene rett til å forvalte profesjonelt turistfiske, for å sikre god forvaltning basert på lokal kunnskap.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert satt fram av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak

I

Stortinget ber regjeringa utarbeide omrekningsreglar slik at antal kg vert rekna i rund fisk.

II

Dokument 8:127 S (2015–2016) – representantforslag fra stortingsrepresentantene Torgeir Knag Fylkesnes og Snorre Serigstad Valen – vert å leggje ved møteboka.

Oslo, i næringskomiteen, den 24. november 2016

Geir Pollestad
leiar

Ingrid Heggø
ordførar

VEDLEGG

Brev fra Nærings- og fiskeridepartementet v/ statsråd Per Sandberg til næringskomiteen, datert 12. oktober 2016

Vurdering av Dokument 8:127 S (2015–2016) - representantforslag om langsiktighet og trygghet for turistfisket

Jeg viser til brev av 6. oktober 2016, hvor næringskomiteen ber om Nærings- og fiskeridepartementets vurdering av representantforslag om langsiktighet og trygghet for turistfisket fra representantene Torgeir Knag Fylkesnes og Snorre Serigstad Valen.

I de siste 15–20 årene har det vært en framvekst av flere reiselivsbedrifter som tilrettelegger for såkalt turistfiske. Disse bedriftene baserer sin næringsvirksomhet på uttak av våre felles begrensede fiskeriressurser. Vi har ikke en god oversikt over hvor mye fisk denne næringsaktiviteten samlet sett tar av våre fellesressurser. På denne bakgrunn satte Fiskeri- og kystdepartementet i 2009 ned en partssammensatt arbeidsgruppe som skulle vurdere mulige forvaltningstiltak overfor næringsvirksomhet basert på turistfiske i sjø. Arbeidsgruppen leverte sin rapport 27. juni 2011.

Rapporten inneholdt en rekke interessante forslag om hvordan forvaltningen bør gå fram for å regulere denne relativt nye næringen. Det var positivt at rapporten var enstemmig. Det gjør det lettere å utforme et forvaltningsregime som de ulike interessentene kan samles om.

Selve rapporten ble sendt på høringen den gangen, og et konkret forslag til lovendring og ny forskrift om turistfiskevirksomheter som langt på vei bygger på forslagene fra arbeidsgruppen, ble sendt på høring fra Nærings- og fiskeridepartementet den 28. september 2016.

Det mest sentrale i høringsforslaget at det foreslås å innføre en registreringsordning for turistfiskebedrifter og pliktig rapportering av fangst. Men det foreslås også andre tiltak som skal bidra til at forvaltningen får bedre oversikt og kontroll. Høringsforslaget vil dessuten bidra til langsiktighet og trygghet både for turistfiskenæringen og andre aktører som berøres av aktiviteten.

Mitt inntrykk er at store deler av kystbefolkningen, yrkesfiskerne og ikke minst turistfiskenæringen stiller seg positive til en viss regulering av denne næringen. I og med at havressursloven i begrenset grad gir anledning til å stille krav til turistfiskenæringen, foreslås det å endre lovens § 22 om sports- og rekreasjonsfiske slik at de nødvendige hjemler etableres.

Forslag til forskrift gir nærmere bestemmelser om gjennomføringen av registrerings- og rapporteringsordningene. Virkeområdet er begrenset til virksomheter som i tillegg til å drive næringsvirksomhet basert på turistfiske i sjø, disponerer to eller flere fartøy for utleie/utlån, eller disponerer ett eller flere fartøy som tar turister med på fiske. Det avgrenses mot virksomheter hvor omsetningen av denne aktiviteten utgjør mindre enn grensen for plikt til registrering i Merverdiavgiftsregisteret, som er på 50 000 kroner. Arbeidsgruppens forslag om et fartøyregister er i forslaget endret til at registrering av fartøy inngår som en del av registreringen av turistfiskevirksomheten.

Det foreslås også en oppmyking av utførselskvoten fra 15 kg til 30 kg hvis turistene har fisket i regi av en registrert turistfiskevirksomhet. Dette forslaget er ment å gjøre det mer attraktivt for turistene å velge turistfiskeanlegg som rapporterer fangst. En slik endring vil også kunne tjene som en gulrot for de bedriftene som bruker de nye registrerings- og fangstrapporteringsordningene, og vil styrke seriøse aktører i bransjen.

Forslaget innebærer dessuten at virksomhetene får plikt til å informere gjestene om gjeldende regler for utøvelsen av fisket. Videre omfatter forslaget bestemmelser om kontroll, og tilbakekall av registrering. For ytterligere å sikre etterlevelse av regelverket er det også foreslått en bestemmelse om overtredelsesgebyr ved overtredelse av den nye forskriften.

I høringsforslaget legges det opp til å utforme praktiske og enkle krav som ikke påfører næringen unødvendige kostnader og byrder. Jeg mener forslagene vil kunne bidra til å bedre omdømmet og styrke legitimiteten til turistfiskenæringen som regjeringen ønsker at fortsatt skal kunne drive langs kysten.

Departementets høringsforslag har således flere fellestrekk med representantforslaget, men de er ikke sammenfallende. For eksempel gjenfinnes ikke representantenes forslag nr. 2 og 6 blant de foreslåtte tiltakene.

Når det gjelder representantenes forslag nr. 2 om å innføre fiskekort for utenlandske turister der inntektene skal brukes til kontroll med fisket, så er jeg skeptisk til å gå videre med dette nå. I Norge har vi lang tradisjon for et fritt fritidsfiske i sjøen, og vi krever ikke fiskekort. Dette mener jeg er bra. Det er videre slik at innføring av fiskekort overfor utlendinger vil innebære en helt ny form for diskriminering basert på nasjonalitet som vil måtte vurderes nærmere i forhold til EØS-avtalen. I første omgang mener jeg at det er bedre med tiltak som retter seg mot de profesjonelle turistfiskebedriftene som tilrettelegger for uttak av fisk i næringsøyemed.

I forslag nr. 6 foreslår representantene å fremme nødvendige lovendringer for å gi kommunene rett til å forvalte profesjonelt turistfiske, for å sikre god forvaltning basert på lokal kunnskap.

Jeg er skeptisk til dette forslaget. Forvaltningen av våre viltlevende marine ressurser skjer i dag på nasjonalt nivå, og det er naturlige årsaker til dette, blant annet fordi det dreier seg om levende ressurser i havet som ikke naturlig hører til i en bestemt kommune. Kommuneinndelingen vil heller ikke nødvendigvis gi det nødvendige grunnlag for å se sammenhengen mellom ulike kyst- og fjordsystemer.

Det operative ansvaret for forvaltning av og kontroll med marine ressurser ligger i dag hos Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet har gjennom mange år opparbeidet seg en kompetanse og kunnskap om marin ressursforvaltning som ingen andre besitter. Jeg mener derfor at direktoratet bør være sentrale i forvaltningen av turistfiskenæringen. De ulike regionkontorene langs kysten har god oversikt over marine aktiviteter, og har dialog med aktørene. Jeg tror forslaget om å flytte denne delen av ansvaret for lokal forvaltning av fiskeressursene ut fra fiskeriforvaltningsmyndighetene, vil være en uheldig løsning. Jeg er ikke i tvil om at Fiskeridirektoratet vil være best egnet til å løse kontroll- og forvaltningsoppgavene som måtte komme overfor turistfiskenæringen.

Avslutningsvis vil jeg påpeke at forslaget som er sendt på høring omfatter lovendringer. Det er derfor godt mulig at regjeringen vil komme tilbake til Stortinget med en sak om endringer av havressursloven. Men først må høringen få gå sin gang. Deretter vil regjeringen gå gjennom og vurdere alle innspillene vi får i høringsrunden, før vi tar stilling til om det skal sendes et forslag til lovendringer til Stortinget.

Det er imidlertid for tidlig for meg å konkludere om dette nå, mens saken er på høring.

Trykk og layout: Stortingets grafiske seksjon